



# Invitasjon til digitalt basiskurs i økonomisk rådgjeving

## Korleis avdekkje og førebyggje økonomiske problem?

### Arrangør

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Deler av kurset blir utforma og formidla i samarbeid med gjeldsrådgjevarar frå NAV.

### Tid og sted

- Torsdag **27. mai 2021** kl 09 -12
- Microsoft Teams (du deltar via lenke som vi sender den enkelte på e-post i forkant av kurset).

## Kva nytteverdi er det å vite noko om tenesta økonomisk rådgjeving?

Økonomisk rådgjeving er ein lovpålagd individuell teneste etter sosialtenestelova paragraf 17. Tenesta er ei av kjerneoppgåvene i Nav-kontoret. Tilsette i Nav-kontora og tilsette i tenester som samhandlar med Nav, må difor ha grunnleggjande kunnskap om tenesta.

Mange kan ha økonomiske bekymringar eller problem sjølv om dei ikkje fortel om det. Basiskurset vil difor vere nyttig for deg som rettleiar i Nav-kontoret, i barnevernstenesta eller i kommunale oppfølgingstenester, sjølv om brukar ikkje er i kontakt med deg for å få økonomisk råd og rettleiing, men for anna oppfølging.

Målet med basiskurset er å gje deltakarane kunnskap om å avdekkje og førebyggje økonomiske problem, uavhengig av stilling og arbeidsoppgåver. Deltakarane skal og kunne hjelpe med råd og rettleiing, og sende vidare dei som treng det, til økonomisk rådgjeving.

For å få tilstrekkeleg kompetanse innan økonomisk rådgjeving, tilrår vi at Nav-tilsette og deltek på grunnkurs i økonomisk rådgjeving.

### Dette er kurset for deg som:

- Arbeider i kommunale oppfølgingstenester (bustad, rus og psykisk helse)
- Arbeider i barnevernstenesta
- Arbeider med statlege oppgåver i Nav-kontor
- Er nytilsett i Nav-kontor, eller treng heilt grunnleggjande kunnskap om økonomisk rådgjeving

Om du har delteke på grunn- eller vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving tidlegare, er du ikkje i målgruppa for dette kurset.

### Etter kurset skal du ha:

- kunnskap om **bakgrunn** for økonomiske problem
- kunnskap om korleis du **fangar opp** brukarar med økonomiske bekymringar eller problem
- Kunnskap om korleis du kan **førebyggje** økonomiske problem
- **auka medvit** om kva økonomiske problem kan føra med seg
- kunnskap og informasjon om **tenesta økonomisk rådgjeving**
- kjennskap til ulike tiltak – mellom anna **utleggstrekk**

Vi tek atterhald om retten til å gjere prioriteringar eller be kontor gjere prioriteringar om det er stor interesse for kurset om vi når maks tal på kapasitet på teams/digital plattform.

\*\*\*

Elektronisk påmelding **innan 20. mai** på [www.statsforvalteren.no](http://www.statsforvalteren.no)

<https://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/2021/05/basiskurs-i-okonomisk-radgjeving/>

Spørsmål om **påmelding og endringar** skal rettast til e-post

- [fmmrkurs@statsforvalteren.no](mailto:fmmrkurs@statsforvalteren.no)

For nærare informasjon om det **faglege** innhaldet i kurset kan du ta kontakt med:

- Aud Randi Brattbakk på telefon 71 25 84 58 eller [aurbr@statsforvalteren.no](mailto:aurbr@statsforvalteren.no)